

Årsmelding 2005 Ervik sokn

Soknerådet var:

Sokneprest:	Michael Wohlenberg
Leiar:	Palma D. Hamnøy
Nestleiar:	Magne Årvik
Skrivar:	Anne-Marie Aarvik
Diakoni og Kirkens Nødhjelp:	Else-Marie D. Slyngstad
Medlemar:	Norvald Dalsbø og Magnar Barmen
Vara medlemmer:	Sigmund Årvik, Åse Aarvik og Asbjørg Honningsvåg
Kasserar:	Åse Aarvik
Medlemmer fellesråd:	Norvald Dalsbø og Palma D. Hamnøy
Revisor:	Anne Liv Ervik Lilleide

Soknerådet har hatt 8 møter i 2005, soknemøte var 5. mars.

Det har vore handsama 34 saker.

Soknerådet har gitt gåve til:

- Konfirmantar 2005/2006 har fått abonnement på "Ungdom og Tiden" for eit år.
- Tiåringar i soknet fekk skulebiblar.
- 4. åringar i soknet fekk bok
- Søndagsskulen i soknet har fått pengegåve
- Soknerådet har misjonsprosjekt i samarbeid med misjonsalliansen
Born frå storbyen EL ALTO i Bolivia får reise på leir i 3 dagar for kr.100,00.

I sak 14/05 vart det utpeikt nominasjonsnemnd til soknerådsvalet desse var:

Sølvi Ervik, Else-Marie D. Slyngstad, Magnar Barmen og Magne Årvik,

Magne Årvik var leiar i nemnda. Alle som vart sett på liste vart tilskrivne med svarfrist på ca. 1 veke.

Soknerådet fekk spørsmål frå Ytre Stad Normisjon om å ha representant i ALPHA komiteen og samarbeid om ALPHA kurs.

I sak 17/05 vart Palma D. Hamnøy valt frå soknerådet ut året 2005.

8.mai var det ei minnemarkering i kyrkja, det var 60 år sidan krigen vart slutt. Klokketårnet på kyrkjegarden har vorte opprusta til "minnerom" og vart opna denne dagen. Det er hengt opp bilde og tekstar frå russeleiren som var i Ervika under krigen.

Søndag 12. juni inviterte soknerådet til kyrkjefrukost det var 35år sidan kyrkja var vigsla.

4 åringane med foreldre i Ervik sokn var spesielt inviterte denne dagen, 4 åringane fekk utlevert ei bok frå kyrkjelyden.

I sak 21/05 vedtok soknerådet å gje stemmerett frå 15 år ved soknerådsvalet.

I sak 24/05 handsama soknerådet den nye tenesteordninga for prestar i Nordfjord

Saka vart og framlagt på soknemøte i Ervik den 31.august. Det var 12 røysteføre frammøtte.

27.juni opna vegkyrkja for sommaren. Vertskap i år var Samboon Svedhaug og Anne Britt Ervik.

Det var 10 år sidan vegkyrkja vart opna.

Søndag 10. juli var det Ervikpreike. Også i år var det mykje folk som var samla på kyrkjegarden.

Etter gudstenesta var det høve til å kjøpe kaffi og vaflar og å treffe slekt og venner å prate med.

Overskotet av salet gjekk til drift av vegkyrkja.

Soknerådet inngjekk samarbeid med Ytre Stad Normisjon om eit barne / ungdomsarbeid BOB - kveld. BOB vart oppstarta i september, det er ein gong pr. mnd. Alder frå 5.til 8. klasse. (10 – 14 år) Aktivitet, andakt og Pizza alt er gratis. Konfirmantar har teneste på BOB.

Søndag 9. oktober deltok søndagsskulen i gudstenesta, det var soknerådsval etter gudstenesta. Vallokalet var ope frå kl.12.00 til kl.14.00.

Det skulle veljast 6 medlemmer og 5 vara.

Medlemmer: Norvald Dalsbø, Anne-Marie Aarvik, Tone Ervik Årsheim, Inger Hoddevik Årvik, Alvin Aarvik og Berit Bakke Ervik.

Vara: Sigmund Jan Aarvik, Oddvin Honningsvåg, Sigrun H. Ervik, Asbjørg H. Honningsvåg og Kim Rune Dalsbø.

Også i år har det vore tilbod om ”enkel kyrkjekaffi” etter gudsteneste kvar søndag. Det har vore god oppslutting om dette.

Det er soknerådet som har ansvaret for ”vi syng jula inn” på julafta. Det var mykje folk som hadde funne vegen til kyrkja denne dagen. Det var lokale krefter som deltok med song og musikk. To av konfirmantane las juleevangeliet. Soknerådet er svært takknemlig for alle som deltok denne dagen.

Diakoninemda

Else- Marie D.Slyngstad, Magnhild Stave, Åse Årvik, Kristina Ervik og Palma D. Hamnøy.

Diakoninemda sin aktivitet i året 2005.

- Blomster på alteret ved gudsteneste
- Mor / Barn samling 1 gong pr. mnd.
- Samarbeid med søndagsskulen
- Julegåve til søndagsskulen
- To pensjonistsamlingar
- To kyrkjefrukostar
- Dåpsplakat og gåve til konfirmantane
- Dåpsplakat til born i soknet døypt i 2001-2005
- Blomsterhelsing til pårørande som har mista ektefelle.
- Div. utstyr til kjøkkenet i kyrkja
- Kjøpt belysning til piano/orgel i kyrkja
- Gåve til soknerådet på kr. 2.500, 00 til høgtalar i kyrkjerommet.

Søndagsskule

Randi Stave Dalsbø, Torunn Dalsbø, Elin Hoddevik og Ingrid B. Stave

- Det har vore 17 samlingar
- 26 registrerte deltakarar
- Våravslutting på Tårneset
- Deltaking i gudsteneste
- Juleverkstad
- Julefest

Foreldre og besteforeldre har vore inviterte på ulike samlingar.

Søndagsskulen varer frå kl.11.00 til kl.12.30. Konfirmantar har teneste i søndagsskulen.

Ytre Stad Normisjon og andre misjonsorganisasjonar har alle sine møter i kyrkja.

Det har vore mykje aktivitet i Ervik kyrkje også i år, den vert brukt til ulike samlingar.

Ynskjer det nye soknerådet lykke til i arbeidet for periode 2006-2009

Palma D. Hamnøy
leiar